

Forslag til ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland 2008 - 2012

Endringar i høve til tidlegare tekst er markert med utheva skrift:

§ 1. Definisjonar

Døgnkvote: Tal på laks og/eller sjøaure som kvar fiskar kan avlive kvart døgn.

Kroka fisk: Ein fisk er definert som kroka dersom kroken ikkje sit i eller tett attmed kjeften.

Vinterstøing: Laks eller sjøaure som har overvintra i elva.

Innlandsfisk: All annan fisk i vassdrag enn laks og sjøaure.

§ 2. Fisketider

På elvestrekningar med laks eller sjøaure gjeld fisketidene også for innlandsfisk, dersom ikkje anna er nemnt i forskrifta. Fisketida gjeld frå og med den første dagen kl. 00.00 til og med siste dagen kl. 24.00.

Vassdrag med laks eller sjøaure som ikkje er nemnd i forskrifta har fisketid frå og med 1. juli til og med **31. august**.

Vassdrag	Kommune der elva renn ut i sjø	Fisketid
Sira	Sokndal	Ikkje opna for fiske
Sokndalselva	Sokndal	15. juni - 20. september, torsdag til og med søndag
Hellelandselva	Eigersund	1. juli - 20. september
Bjerkreimselva	Eigersund	1. juni - 20. september, sjå § 7a
Hellvikelva	Eigersund	Ikkje eiga fisketid, går ut
Ogna	Hå	1. juni - 20. september
Fuglestadelva	Hå	1. juli – 31. august
Kvassheimselva	Hå	Ikkje opna for fiske
Søndre Varhaugelv	Hå	1. juni - 20. september
Nordre Varhaugelv	Hå	1. juni - 20. september
Håelva	Hå	15. juni - 20. september
Orreelva	Klepp	Ikkje opna for fiske
Figgjoelva	Klepp	15. juni - 20. september
Storåna	Sandes	Ikkje opna for fiske
Dirdalselva	Gjesdal	15. juni – 31. august
Frafjordelva	Gjesdal	15. juni - 31. august, torsdag til og med søndag
Espedalselva	Forsand	1. juni - 31. aug., torsdag til og med søndag, sjå § 8
Eiaelva	Forsand	Ikkje opna for fiske
Lyseelva	Forsand	15. juni - 31. august , sjå § 7b

Jørpelandselva	Strand	15. juli – 31. aug., torsdag til og med søndag, sjå § 8
Årdalselva	Hjelmeland	01. juni - 31. august, torsdag til og med søndag
Hjelmelandselva	Hjelmeland	15. juni - 31. august
Vormo	Hjelmeland	15. juni - 31. august
Førre	Hjelmeland	Ikkje opna for fiske
Ulla	Hjelmeland	1. juli - 31. august, torsdag til og med søndag
Hålandselva	Suldal	15. juni - 31. august
Suldalslågen	Suldal	5. juli - 30. september, sjå § 7c
Nordelva	Sauda	1. juli – 31. august
Storelva	Sauda	1. juli – 31. august
Vikedalselva	Vindafjord	1. juli – 31. august, torsdag til og med søndag
Rødneelva	Vindafjord	1. aug. – 31. august, torsdag til og med søndag
Åmselva	Vindafjord	15. juni – 31. august
Kvaleelva	Haugesund	Ikkje opna for fiske
Grindeelva	Tysvær	Ikkje opna for fiske
Svensbøelva	Ølen	1. juli – 31. august
Vågselva	Ølen	Ikkje opna for fiske
Oselva	Ølen	Ikkje opna for fiske

§ 3. Døgnkvote

Døgnkvoten er 3 laks og/eller sjøaure (totalt 3 fisk) for elvane i Rogaland. Med unntak av Figgjo, Håelva, Søndre Varhaugselv, Nordre Varhaugselv, Fuglestadelva, Ognå og Hellelandselva, kor kvoten er 5 fisk per døgn. Fylkesmannen kan etter søknad opne for høgare kvote der dette er grunngjeve i driftsplan.

Kvoten er personleg og følgjer fiskekortdøgnet eller kvar dato for helg, veke og sesongkort. Fisk som blir sett ut att levande og i god form blir ikkje rekna inn i kvoten. Det er ikkje lov å setje ut att død, døyande eller alvorleg skadd fisk. Når ein fiskar har nådd døgnkvoten skal fisket opphøyre.

Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 4. Krokingsforbod

Det er ikkje lovleg å fiske på ein slik måte at fisk blir kroka. All kroka fisk skal straks setjast ut att i elva. Dersom ein krockar fisk og dette skuldast måten eller staden ein fiskar på, skal fisket straks ta slutt.

§ 5. Forbod mot fiske av vinterstøing

Det er ikkje tillate å fiske vinterstøingar av laks og sjøaure. Støingar som likevel blir fanga, skal straks setjast ut mest mogleg uskadd.

§ 6. Fiske etter innlandsfisk i vatn med laks eller sjøaure

I Rogaland er det i vatn med laks eller sjøaure tillate å fiske innlandsfisk med stong og handsnøre heile året. Utanom fisketida for laks og sjøaure er det ikkje tillate å fiske nærare elveos enn 100 m. Laks eller sjøaure fanga utanom sesongen, skal straks settast ut at mest mogleg uskadd.

Fylkesmannen kan opne for fiske med anna reiskap enn stong og handsnøre i vatn med laks eller sjøaure. Det vil bli stilt krav om lokal driftsplan og fangstrapportering.

Kapittel 2. Særlege fiskereglar

§ 7a. Særlege reglar for Bjerkreimselva

I Bjerkreimselva er det ein døgnkvote på 2 laks og/eller sjøaure i juni. I resten av sesongen er det ein døgnkvote på 5 laks og/eller sjøaure.

§ 7b. Særlege reglar for Lyseelva

I Lyseelva er det ein total fangstkvote på 40 villaks og/eller 150 sjøaure. Når kvoten er nådd blir elva stengd for fiske.

§ 7c. Særlege reglar for Suldalslågen

I Suldalslågen er fisketida nedanfor Sandsfossen frå og med 5. juli til og med 20. september. Ovanfor Sandsfossen er fisketida frå og med 15. juli til og med 30. september.

I Suldalslågen er det ikkje tillate å fiske med gulp.

Døgnkvoten er 3 laks og 5 sjøaure. Laks som har uomtvistelige ytre kjenneteikn på å være rømt oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 8. Krav om kjøp av fangstrapporteringskort

For å fiske i Jørpelandselva og Espedalselva er det vilkår om fangstrapporteringskort. Kortet kan kjøpast der det blir selt fiskekort og skal leverast inn seinast når sesongen er slutt.

§ 9. Fredingssoner i vassdraget

I fredingssone er alt fiske forbode. Grensene for dei freda områda er merkte med boltar eller røyr.

Bjerkreimselva

Ved laksetrappene i Fotlandsfossen, Eigersund kommune.

- Ovanfor fossen:

Det området som ligg nedanfor ei rett line frå eit merka punkt i ein fjellnakke på vestre side av elva, ca. 50 m ovanfor luka til den nye trappa, rett over elva til eit tilsvarande punkt i ein firkanta fjellblokk på motsett side av elva.

- Nedanfor fossen:

Det området som ligg ovanfor ei rett line frå eit merka punkt på ein framstikkande fjellkam ca. 3 m nedanfor bolten i fjellet og ca. 6 m nedanfor nedre side av den nye trappa, over nedre kant av den såkalla «Vassteinen » til eit tilsvarande punkt på motsett side av elva.

Håelva

I Fotlandsfossen, Time kommune.

- Ovanfor trappa:

Det området som ligg nedanfor ei rett line dregen over elva parallelt med vegbrua 20 m frå næraste kant.

- Nedanfor trappa:

Det området som ligg ovanfor ei rett line dregen tvers over elva 30 m frå utlaupet av den gamle trappa.

Ved Stemmen nedanfor Fotlandsfossen, Time kommune.

- Nedanfor Stemmen, mellom stemmuren og ei rett line trekt parallelt med muren over elva frå toppen av ein stor stein på vestre breidd, ca. 15 m nedanfor.

Ullaelva

Ved laksetrappa i Storhoggfossen, Hjelmeland kommune

- Ovanfor trappa:

Den delen av elva som ligg nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på vestre side av elva, om lag 20 m ovanfor lukestammen i inntaket til trappa, til eit tilsvarande kryss i fjellet på austre breidd.

- Nedanfor trappa:

Den delen av elva som ligg nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på vestre side av elva, om lag 15 m frå utlaupet av laksetrappa, til eit tilsvarende kryss i fjellet på vestre breidd.

Vikedalselva (Vindafjord kommune)

Ved laksetrappa i Opsalfossen

- Ovanfor trappa:

Området nedanfor ei rett line dregen tvers over elva frå midten av bekkeosen på venstre side av elva. Om lag 35 m ovanfor innlaupet til trappa.

- Nedanfor trappa:

Området ovanfor ei rett line dregen frå søre hjørne av Opsal sagbruk til eit punkt på «Skjeret» merka med jernbolt. Vidare frå denne bolten til munninga av bekken på sørsida av elva, om lag 25 m aust for sagbruket.

I Håla

- På gnr. 44 bnr. 6. Området mellom ei line trekt frå søre spissen av Holmen rett vest over straumen til fastlandet og ei line trekt frå nordre spissen av Holmen rett nord til fastlandet.

Ved laksetrappa i Ørnesfossen

- Ovanfor trappa:

Området nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på høgre side av elva og over til eit liknande kryss på venstre side. Lina går over to store steinar ute i elva, om lag 60 m ovanfor innlaupet til trappa.

- Nedanfor trappa:

Området ovanfor ei rett line frå eit rissa kryss i fjellet på høgre side av elva og over til eit liknande kryss i fjellet på venstre side av elva. Begge kryssa ligg om lag 40 m frå utlaupet av trappa.

Kapittel 3. Dispensasjon, straff og ikraftsetjing

§ 10. Dispensasjon

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane i denne forskrifta.

§ 11. Straff

Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. § 49 i lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.

§ 12. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft xxxxxxxx.